## Maria med 13,64 prosent stilling

08.09.2007



Maria Malmsten – populær dirigent for "Røysterett for alle" (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Maria Malmsten, den populære og dyktige dirigenten for "Røysterett for alle" held fram i ein ny sesong. No er det inngått undervisningsavtale om ho mellom kommunen og koret for skuleåret 2007/2008 og den går ut på kjøp av 13,46 prosent stilling.**

. Det tilsvarar ein undervisningsresssurs på 2,63 timar (to timar og 38 minutter) pr. veke som skal gå til faste øvingar/instruksjon, ekstraøvingar og konsertar.

Stillinga inneheld i tillegg ein ekstraressurs på tilsaman 17,5 timar som gjennom skuleåret skal gå til styremøte, ekstra reisetid og liknande.
Etter avtale mellom styre og dirigent kan noko av undervisningsressursen pr. veke samlast opp og brukast til ekstraøving, seminar og konsertar.

Betalinga for eit skuleår er no 35.936 kroner.